



# vekeplan for 7. klasse veke 48

	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
1	Norsk	Norsk	Naturfag	Norsk	Julegrantenning ute /Norsk
2		Take the Ball	Matte	Samfunnsfag	Matte
3	Naturfag	Symjing			Musikk
4	Matte	Engelsk	K & H	Engelsk	Passport i skulebua
5				Kroppsøving -Ta med uteklede	
6	Arbeidstime	Naturfag		Norsk	
	Lekselesing		Lekselesing		

## Til elevar og foreldre!

Måndag blir det jentegruppe for jentene i 5. -7. klasse saman med helsesøster Lena Knutsen i 3. time.

Tema er kropp og helse.

På tysdag deltek me i FV sin berekraftskampanje "Take the Ball". Mellomtrinnet blir delte inn i tre grupper der dei skal finna ut det viktigaste om det målet dei har valgt. Så sender elevane Berekraftsbullen vidare til ein person/bedrift/kommune eller land for å invitera dei til å svara på innspelet.

Fredag går me til skulebua der me lager bål og har Passport. Ta med passande klede.

Det nærmar seg desember, og mellomtrinnet skal ha omvendt julekalender som ein del av adventstida.

Elevane blir oppfordra til å gje fint brukte klede/sko eller leiker til borna i Bahati House. I tillegg skal elevane laga digitale julekort på engelsk som me skal senda før jul. Nina Ousdal gir oss ein presentasjon om barneheimen og ungane som bur der, slik at me blir bedre kjende med ungane. Home of Bahati blir glade for å få jogglesko, sommarmiklede og ryggsekkar til born frå 10 - 15 år. Om det er leiker, er det kjekt med spel eller puslespel. -Aktivitatar fleire kan delta på.

Som adventstund på skulen, vil me i klassen ha aktivitetskalender og lesa i frå boka Skrekkelig Jul av Sveinung Lutro, som fortel om skumle juletradisjonar og figurar frå gamle dagar.

Ynskjer alle ei fin arbeidsveke. Helsing frå Hilde

Fag	Mål for veka	Eigenvurdering		
		Kan godt	Kan noko	Kan litt
Norsk	Eg kan variera språket når eg skriv eigne tekstar, og eg har trena på å bruka ordbok.			
Matte	Eg kan løysa enkle likningar med ukjende på begge sider av likskapsteiknet.			
Engelsk	Eg kan lesa ny tekst og slå opp orda eg ikkje forstår i ordbok			
Naturfag	Eg kan beskriva korleis auget er bygd opp, fortelja korleis me kan sjå og veit kva eit synsbedrag er			
Samf.fag	Eg har bidratt til refleksjon rundt eitt av berekraftsmåla, og kva det har å seia for unge i Sirdal og i verda.			
Kroppsøving	Eg gjer mitt beste i 7-kamp. Ta med uteklede.			
Musikk	Eg gjer mitt aller beste i framføring av dansen til gruppa mi, og eg har øvd meg på Memories.			

-Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe noen-



hysj vær stille  
hører du lyden av meg  
som heier på deg

# vekeplan for 7. klasse veke 48

K & H	Eg skal laga den finaste skoknekten eg klarer.			
-------	--	--	--	--





# vekeplan for 7. klasse veke 48

## Lekser:

<b>T</b>	<b>Norsk:</b> Tenkeskriv om deg sjølv. Kva for ulike ord kan du beskriva deg sjølv med? Sjå
<b>Y</b>	støtteark som ligg på Classroom.
<b>S</b>	<b>Engelsk:</b> Les ferdig kapittelet "Choose Kind" Det ligg på Classroom, og skriv kva du
<b>D</b>	tenker er viktige Presepts.
<b>A</b>	<a href="https://classroom.google.com/c/MTQ0NDU2MDM2MzU2/a/MjA4MzY0MzY0/details">https://classroom.google.com/c/MTQ0NDU2MDM2MzU2/a/MjA4MzY0MzY0/details</a>
<b>G</b>	<b>Matte:</b> Gjer oppgåve 10, 14, 15 og 16 på side 58-59 i oppgåveboka. <b>Naturfag:</b> Les s. 72 - 74 og øv deg på å beskriva korleis auget er bygd opp. Legg til <i>tappar, stavar</i> og <i>etterbilete</i> i ordforklaringslista di, og ev. andre vanskelege ord <b>Musikk:</b> Øv på tekst og song: <a href="https://www.youtube.com/watch?v=lwZZAd2pTmw">https://www.youtube.com/watch?v=lwZZAd2pTmw</a>
<b>O</b>	<b>Matte:</b> Gjer 7c nivå 2 (likninger) på multi 7b.
<b>N</b>	<a href="https://podium.gyldendal.no/multi-nettoppgaver/?location=menultem_7b_7#menultem_7b">https://podium.gyldendal.no/multi-nettoppgaver/?location=menultem_7b_7#menultem_7b</a>
<b>S</b>	<b>Naturfag:</b> Les s. 75 - 76 og s. 78 - 80 og sjekk at du kan måla for veka. Legg til ev. vanskelege ord i ordforklaringslista di!
<b>T</b>	<b>Engelsk:</b> Jobb vidare i oppgåveheftet frå wonder; gjer ei side heime.
<b>O</b>	<b>Samfunnsfag:</b> Les s. 60-62 i Midgard, og forklar korleis namnet Ødegård har oppstått.
<b>R</b>	Veit du om navn på stadar i Sirdal som kjem frå svartedauden?
<b>S</b>	<b>Musikk:</b> Øv på tekst og song: <a href="https://www.youtube.com/watch?v=lwZZAd2pTmw">https://www.youtube.com/watch?v=lwZZAd2pTmw</a>
<b>D</b>	<b>Kroppsøving.</b> Me satsar på 7 kamp denne veka. Dei fleste øvingane blir ute, men me
<b>A</b>	har f.eks høyde inne. Ta med uteklede etter vêret.
<b>G</b>	<b>Hugs å kryssa av mål for faga og oppsummering av veka.</b>
<b>F</b>	<b>Norsk:</b> Skriv ein biografi om deg sjølv - Sjå s. 214 i Zeppelin Lesebok, samt bruk
<b>R</b>	beskrivinga av deg sjølv frå då du tenkeskreiv.
<b>E</b>	<b>Matte:</b> Gjer oppgåve 20 og 21 på side 61 i oppgåveboka.
<b>D</b>	<b>Musikk:</b> Øv på tekst og song: <a href="https://www.youtube.com/watch?v=lwZZAd2pTmw">https://www.youtube.com/watch?v=lwZZAd2pTmw</a>
<b>A</b>	Du skal vera klar til å framføra dansen til gruppa di for dei andre idag.
<b>G</b>	<b>Passport:</b> Gjer utdelt oppgåveark i lag med ein vaksen heime.

Sjølvsregulering: Ha mot til å utfordra seg sjølv både fagleg og sosialt, våga seg ut av komfortsona.

Oppsummering av veka:		
Korleis har du arbeidd? Teikn inn om du er nøgd, sånn passe eller ikkje nøgd.		
Lekser	Innsats i timane	Sosialt

Eg/me har gjennomgått vekeplanen: \_\_\_\_\_

(underskrift føresette)